



Juletrengang høyrer absolutt med på julefestane. Her frå festen i Bedehuset i 2013.

Det er rike juletradisjonar som vert ført vidare når det vert arrangert julefestar i Uskedal Bedehus og forsamlingshuset Vonheim. Også i år kjem dei på sine faste dagar, 3. juledag er det fest i Bedehuset medan det dagen etter, 28.12., er klart for den årvisse festen oppe i dalen. Det pleier å vera godt frammøte på begge festane.

Julefesten for store og små i bedehuset startar kl.16.00 den 27.desember. Der vert det tradisjonelt julefestprogram. Jan Ove Fagerheim held andakten, og det vert varierte og fine song- og musikkinnslag. Leikar og konkurransar høyrer sjølvstøtt også med. Det ver kaffi og tihøyrande for vaksne, medan borna får brus og posar. Festen vart avslutta med juletrengang slik det skal vera på ein julefest, og arrangøren ønskjer alle hjarteleg velkomne. Det er ikkje inngangsbillett, men det vert teke opp kollekt.

Dagen etter er det klart for julefesten i Vonheim, 28.12. kl.18.00. Der er programmet etter same leist som kvart år. Musikklaget opnar festen med litt juletonar. Deretter vert det opplesing av juleevangeliet og tradisjonelt julefestprogram. Svanhill Haugland held andakten. Nissen har lova å ta turen, og elles er det som alltid matøkt og juletrengang på den koselege festen.

I år spelar truleg musikkagsmedlemmer for 30. gong på rad på denne festen. Første gong ei gruppe på 5-6 musikantar spela, var i comeback-sesongen til Leif Matre. Det var han som formidla kontakten, og eg meiner det var i 1986. Etter det har musikkagsmedlemmer bidrege med juletonar kvart år.



Julefestane i Vonheim har ein lang tradisjon.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland.

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.